



Hjorten i hagen før han vart sendt til destruksjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hjorten som tysdag kveld vart rapportert funnen i ein hage sentralt i Uskedalen var den same som natt til måndag vart påkøyrd på Eik. Han som køyrde på den meldte frå slik det skal gjerast, opplyser lensmann Sigurd Børve til uskedalen.no

Bilføraren gjorde det klart at dyret truleg var hardt skada, men det har altså vore istand til å ta seg til sentrum.

Hjorten vart funnen i hagen i Uskedalen på eit tidlegare tidspunkt, og skulle vore teke hand om då. Imidlertid vart det visse mistydingar mellom aktørane.

Difor vart dyret liggjande og vart 'gjenoppdaga' tysdag kveld.

Då fekk Kvinnherad Ettersøkslag melding om hjorten og tok seg omgåande av saka, slik at dyret vart sendt til destruksjon.

Av Ola Matti Mathisen